



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

Vår dato: **18 APR 2012**

Vår ref.: NVE 200804416-6, 200806749-8, 200902766-12, 201002934-4, 201201687-4, 200801384-9 ksk/kima og rmo

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Kirsten Marthinsen 22 95 92 34

Rune Moe 22 95 93 15

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje seks småkraftverk i Voss kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje seks småkraftverk i Voss kommune. Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakane samla.

Geitelvi kraftverk – Småkraft AS

Geitelvi kraftverk vil nytte eit fall på 255 meter frå inntak på kote 260 til kraftstasjon på kote 5. Tilløpsrøyrret vert 1700 meter langt, og er planlagd med 1200 meter nedgrave røyr og 500 meter røyr i dagen. Frå inntaket leggst røyrret på vestsida av elva ned til om lag kote 650, kor det kryssar elva og fortsett på austsida. Kraftstasjonen vert plassert om lag 500 meter aust-nordaust for utlaupet til Geitelvi, og vatnet vert ført i eit 230 meter langt røyr til utlaup i Bolstadfjorden. Det må byggast 50 meter ny veg til kraftstasjonen, samt veg frå eksisterande traktorveg til inntaket. Desse vegane vert permanente. Eksisterande veger som skal nyttast må oppgraderast. Middelvassføringa er 1,17 m³/s og kraftverket er planlagd med maksimal slukeevne 2,34 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,4 MW og etter planane gje ein årleg produksjon på 14,5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på eit 1,6 km lang elvestrekke. Det er planlagd å sleppe minstevassføring på 30 l/s om vinteren og 100 l/s om sommaren.

Jørnevikelvi kraftverk - Småkraft AS

Jørnevik kraftverk vil nytte eit fall på 388 meter frå inntak på kote 400 til kraftverk på kote 12. Tilløpsrøyrret vert 2250 meter langt og vert nedgrave på mesteparten av strekninga. Det vil gå på vestsida av elva. Kraftstasjonen vert plassert ved Jørnevikelvi sitt utlaup til Evangervatnet. Det må byggast 70 meter ny veg til kraftstasjonen og 500 meter ny veg til riggområdet. Frå riggområdet skal eksisterande veg oppgraderast og nyttast opp til kote 350. Derifrå vert det bygt ny mellombels anleggsveg til inntaket. Middelvassføringa er 0,268 m³/s og kraftverket er planlagd med maksimal slukeevne 671 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,1 MW og etter planane gje ein årleg

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Nausdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

produksjon på 4,88 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på eit 2,27 km langt elvestrekke. Det er planlagt å sleppe minstevassføring på 16 l/s heile året.

Vassvøre kraftverk – Grautaleitet fallrettslag

Vassvøre kraftverk vil nytte eit fall på høvesvis 570 meter i Vossadalselvi og 420 meter i Merkesgrovi. Inntaket i Vossadalselvi er planlagt på kote 585 og inntaket for Merkesgrovi på kote 435 i Tverrelvi. (Elva vert kalla Merkesgrovi frå samlaupet mellom Tverrelvi og Stølselvi.) Til Tverrelvi er det òg planlagt å overføre Stølselvi, med eit inntak på kote 455 og eit 180 meter langt nedgrave røyr. Røyra frå hovudinntaka skal førast inn i eit felles kraftstasjonsbygg på kote 15, der dei går til kvar sine turbinar. Frå kraftverket vert det òg eit felles vassutlaup/kanal, så vatnet vert ikkje førd attende til nokon av dei råka elvelaupa. Utbygging vil føre til redusert vassføring på eit 3870 meter langt strekke i Vossadalselvi, medan råka strekke i Merkesgrovi er 2700 meter langt. Det er planlagt ny permanent anleggsveg langs røyrgata til inntaket i Vossadalselvi. Til inntaket i Merkesgrovi må eksisterande veg forlengast med om lag 600 meter. Middelvassføringa i Vossadalselvi er 0,79 m³/s og turbinane er planlagt med maksimal slukeevne 1,57 m³/s. Installert effekt for Vossadalselvi vil vere på 6,96 MW og etter planane gje ein årleg produksjon på 23,4 GWh. Middelvassføringa i Merkesgrovi er 0,32 m³/s og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne 0,64 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,04 MW og etter planane gje ein årleg produksjon på 6,9 GWh. Søkar har planlagt å sleppe ei minstevassføring på 27 l/s i Vossadalselvi og 11 l/s i Merkesgrovi om sommaren. Det er ikkje planlagt å sleppe minstevassføring i elvene om vinteren.

Nedre Dyrvo Kraftverk – Nedre Dyrvo Kraft AS v/ Svein Apelthun

Nedre Dyrvo kraftverk vil nytte eit fall på 72 m frå hovudinntaket på kote 124 ned til kraftstasjonen som får utløp på kote 52 i elva Dyrvo. Røyrgata vil hovudsakleg gå igjennom eit jordbruksområde på austsida av elva og røyrret vil være nedgrave i heile si lengd på 560 m. Eksisterande traktorvegar opprustast og forlengast med 235 m for å sikre tilkomst til inntaket. Total veglengd vil vera 750 m, og vegane er tenkt permanente. Sjølv kraftverket er planlagt i nærleiken av E16, ca. 7 km frå Voss tettseter. Middelvassføringa er 2,74 m³/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 6,0 m³/s. Kraftverket vil ha ei installert effekt på 3,53 MW, og vil etter planane gje ein årsproduksjon på 9,9 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring på eit 490 m langt strekke i elva Dyrvo. Søkar har planlagt å sleppe ei minstevassføring på 130 l/s heile året.

Gosland kraftverk – Voss Energi AS

Gosland kraftverk vil nytte eit fall på 326 meter frå hovudinntaket i Nesthuselva på kote 391 ned til kraftstasjonen som får utløp på kote 65. I tillegg søkast det om eit sideinntak i Vinsandelva på kote 420 med same utløp som hovudinntaket. Elvene er planlagt overført til Gosland kraftstasjon med eit 800 meter langt nedgrave tilløpsrøyr, sideinntaket vil ha ei røylengde på 600 meter. Det vert lagt opp til at avløpet frå kraftverket skal sleppast ut oppstraums anadrom strekning i Nesthuselva. Eksisterande skogsbilveg opprustast og forlengast for å sikre tilkomst til inntaka, medan kraftverket er planlagt i nærleiken av fylkesveg 311. Middelvassføringa er 0,56 m³/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,43 m³/s. Kraftverket vil ha ei installert effekt på 3,7 MW, og vil etter planane gje ein årsproduksjon på 11,2 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring på eit 1300 meter langt strekke i Nesthuselva, medan råka strekke i Vinsandelva er 2000 meter langt. Søkar har planlagt å sleppe ei minstevassføring på 50 l/s om sommaren og 22 l/s om vinteren.

Tesgjolo kraftverk – Tesgjolo Kraft AS (SUS)

Tesgjolo kraftverk vil nytte eit fall på 190 meter frå inntak på kote 506,5 til kraftverk på kote 316,5. Elva Tesgjolo høyrer til eit verna vassdrag, og her er det ikkje lov å byggje kraftverk større enn 1 MW. Tilløpsrøyrret vert 1320 meter langt og vert nedgrave på heile strekninga. Det vil gå på sørsida av elva fram til ca. kote 360. Der kryssar det elva på same plass som ei bru, og fortsett ned til kraftstasjonen som

er planlagt like nedanfor Tesdalen gård. Det må byggast 200 meter ny permanent veg til kraftstasjonen. Eksisterande veg oppgraderast og nyttast så langt som muleg, derifrå vert det bygt ny mellombels anleggsveg til inntaket. Middelvassføringa er 1,37 m³/s og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne 0,67 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW og etter planane gje ein årleg produksjon på 5,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på eit 1350 meter langt elvestrekk. Søkar har planlagt å sleppe ei minstevassføring på 70 l/s om sommaren og 30 l/s om vinteren.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande kopplingsanlegg og kraftline.

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadane med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og dei vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknadane, kan de kontakte enten søkjaren eller Kirsten Marthinsen på tlf. 22 95 92 34 eller e-post: kima@nve.no.


NVE ber Voss kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Voss Tinghus fram til **26.06.2012**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **26.06.2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Kirsten Marthinsen
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark om sakshandsaming
Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av seks kraftverk i Voss kommune

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Avisa Hordaland og Bergens Tidende.

Tal på søknadar	Namn/adresse
3	Voss kommune, Boks 145, 5701 VOSS
	Fylkesmannen i Hordaland, Kaigaten 9, 5020 BERGEN
	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
	Direktoratet for naturforvaltning, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
	Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201 Sentrum, 5811 BERGEN
	NJFF Hordaland, Tverrgaten 4, 5017 BERGEN
	FNF Hordaland v/Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
	Voss Utferdslag, Postboks 55, 5701 VOSS
	Norges padleforbund, Serviceboks 1 Ullevål stadion, 0840 OSLO
	Jernbaneverket, Postboks 4350, 2308 HAMAR
	Norsk Ornitologisk Forening Avd. Hordaland, Postboks 280, 5751 ODDA
	Voss Energi AS, Postboks 205, 5701 VOSS
	Småkraft AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN
	Grautaleitet Fallrettslag v/Ivar Hernes, Hernesvegen 174, 5707 EVANGER
	Tesgjolo Kraft AS (SUS) c/o Bystøl AS, Postboks 192, 5701 VOSS
	Nedre Dyrvo Kraft AS (SUS) v/Svein Apelthun, Rekvesvegen 68, 5700 VOSS
1	KM –Katarina Eftevand
1	KD – RV (Oddvar Indrebø og Egil Hyllestad)
1	ER – Seming Skau
1	SVA – Sylvia Smith-Meyer (Kun Tesgjolo kraftverk)



Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspentanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngeivne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgevinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og mogeleg konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgevinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon:

www.nve.no/konsesjonssaker.

- KUNNGJERING -**Fleire søkjarar – Søknadar om løyve til å byggje seks småkraftverk i Voss kommune, Hordaland**

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje seks småkraftverk i Voss kommune. Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakane samla.

Hovuddata for kraftverksplanane:

Søknad	Søkar	Installert effekt MW	Produksjon GWh/år	Inntaks- og avløpskote	Planlagt overføring
Geitelvi kraftverk	Småkraft AS	4,4	14,5	260 – 5	
Jørnevikelvi kraftverk	Småkraft AS	2,1	4,88	400 – 12	
Vassvøre kraftverk	Grautaleitet fallrettslag	6,96 + 2,04	23,4 + 6,9	585/435 - 15	Stølselvi frå aust
Nedre Dyrvo kraftverk	Nedre Dyrvo Kraft AS	3,53	9,9	124 - 52	
Gosland kraftverk	Voss Energi AS	3,7	11,2	391 - 65	Vinsandelva frå nordvest
Tesgjolo kraftverk	Tesgjolo Kraft AS	0,99	5,6	506,5 – 316,5	

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Voss Tinghus og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med enten søkjaren eller Kirsten Marthinsen på tlf. 22 95 92 34 eller e-post: kima@nve.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **26.06.2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.